

## ÅRSMØTE SIRDAL BYGDEKVINNELAG, Dagsenteret Tjørhom, 06.11.19

Det møtte ni (9) personar og to (2) observatørar på årsmøtet.

### 1. Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart godkjent, men rekkefølgja på sak 5 og 7 vart bytta om, sidan sak 7 påverkar sak 5.

### 2. Ulike val til årsmøtet

- a) Val av møteleiar: Solveig Marie Ådneram
- b) Val av referent: Åse-Berit Fidjeland
- c) Val av eit medlem som saman med møteleiar skal underteikna protokollen: Helin Morel

### 3. Handsaming og godkjenning av årsmelding

Sekretæren gjekk gjennom årsmeldinga, vedlegg 1, og årsmøtet godkjende meldinga med eit par merknader om manglande aktivitet (sonemøte) og representasjon i RBK. Feila vert retta direkte i årsmeldinga.

### 4. Handsaming og godkjenning av rekneskap

Det vart stilt nokre spørsmål til rekneskapet, men sidan kasseraren hadde gyldig fråvær, og revisor ikkje heller kunne svara, får me koma attende til dette.

Rekneskapen vart godkjend av årsmøtet, vedlegg 2 og 3.

### 7. Innkomne saker

#### a) Kva gjer me med basar?

Leiaren innleia med at dette årets basar vart arrangert saman med Sirdal skilag, sidan me er få medlem i laget, og ein basar krev mykje arbeid. Overskotet vart delt på dei to laga, og SBK kjøpte ein lysstolpe à kr. 5000 i tillegg. Det går fint å få inn gevinstar frå ulike bedrifter, og det er ein person som elles kjøper inn gevinstar, men begge deler tar mykje tid. Leiaren har lufta eit vidare samarbeid med Sirdal skilag sin leiar, og han er positiv.

Skal me vidareføra samarbeidet, må det nokre endringar til. Alt må fordelast, dvs. både førearbeid og inntekter i tillegg til arbeidet på sjølve basaren.

Det vart votert over tre (3) alternativ:

- |   |           |
|---|-----------|
| 1) Sirdal bygdekvinnelag arrangerer basar åleine                          | 1 stemme  |
| 2) Basaren er eit samarbeid mellom Sirdal bygdekvinnelag og Sirdal skilag | 5 stemmer |
| 3) Det blir ikkje arrangert basar   | 3 stemmer |

Alternativ 2) vart vedteke. Det må opprettast ei fungerande arbeidsgruppe, og nytt styre går i dialog med skilaget.

Elles kom det forslag om at lokale lag og foreiningar kan søkja om støtte etter gitte kriterium, men sidan me må ha eit føremål når me sel lodd, ser ein dette som vanskeleg. Det er tydeleg at enkelte organisasjonar genererer meir loddosal, og dermed inntekter, enn andre.

#### b) Støtte til lesesirkelen til forfattarmøte o.l.

Sekretæren, som samlar trådane i lesesirkelen, fortalte at lesesirkelen har vore på teater og forfattarmøte, jf. årsmeldinga, og ynskjer å få eit budsjett til dette, t.d. kr. 300,-/medlem. Lese-sirkelen har 7-8 medlemmar avhengig av om nokon har ein pause, og Siri Fidjeland føreslo kr.

2000,- pr. år. Dette vart vedteke.

### **5. Vedta budsjett for komande år**

Sekretær gjekk kort gjennom forslag til budsjett i kasseraren sitt fråvær, og ut frå vedtak i sak 7, vart budsjettet endra på to område:

Basar: Kolonne *inntekt* vert endra frå 40 000,- til 20 000,- og

Kolonne *utgift* vert endra frå 35 000,- til 5 000,-

Lesesirkel vart lagt til med utgift kr. 2000,-

På grunn av dette vert inntekter i føreslått budsjett kr. 43 000,- og utgifter 35 000,-, slik at me får eit overskot på kr. 8 000,-.

Budsjettet vart godkjent einstemmig av årsmøtet med desse endringane, vedlegg 4.

### **6. Forslag til aktivitetar i 2019/2020**

Forslag som kom fram i årsmøtet:

- informasjonsmøte med IRS om søppelsortering (ope)
- lefsekurs
- bli kjend i bygda-turane held fram
- inkludering, m.a. i samband med punktet over, der alle tar med seg ein som ikkje er med til vanleg
- persesyltekveld
- juleavslutning saman med Sirdal bondelag
- juledekorasjon
- leksehjelp
- henta idear frå andre lokallag og RBK

### **8. Val av nytt styre**

Forslaget frå valkomiteen vart godkjent ved akklamasjon, vedlegg 7, og nytt styre er:

Åse-Berit Fidjeland:	Nyval (to år)
Anita Haugen:	Nyval (to år)
Tone Østtvæit Kvinnen:	Nyval (to år)
Helin Morel:	Eitt år att
Solveig Marie Ådneram:	Eitt år att
Siri Fidjeland:	1. vara - nyval (eit år)
Eva Marianne Tennfjord:	2. vara - attval (eit år)

Revisor: Anne Mette Hovland - attval (eit år)

Valkomité - sidan ingen går ut av styret, tar årets valkomité ansvar og held fram:


Karine Tjørhom Myhra

May Britt Ousdal

Leiar Solveig Marie Ådneram takka for frammøtet og me bytta sittegruppe for å feira at Sirdal bygdekvinnelag er 20 år

11.11.19, Åse-Berit Fidjeland (referent)

  
Solveig Marie Ådneram

  
Helin Morel